

SAK 33/07 SØKNAD OM TILSKOT; STUDENTEN SOM RESSURS”

Saksopplysing

DBC Næringshage AS søker i brev dat. 11.6.2007 om tilskot på kr. 160.000,- til eit 2,5-årig prosjekt med tittelen ”Student som ressurs” (prosjektskisse, vedlegg 2).

Prosjektet har som målsetting å:

- Formidle prosjektoppgåver frå samfunnslivet i Hallingdal til studentar med relasjon til Hallingdal og nærliggjande høgskuler
- Kartlegge interessa for å opprette traineeordning i næringslivet i regionen og arbeide fram ein meir varig organisasjons- og finansieringsmodell

Prosjektet vil mellom anna kunne bidra til

- Å gjere lokalt samfunnsliv mer bevisst på å bruke studentar/høgskole/FOU-som reiskap for nyskapningsaktivitetar i eiga verksemd
- Rekruttering av arbeidskraft med rett kompetanse/spisskompetanse for Hallingdal
- Spore mogelege FOU-case i typiske distriktsbedrifter

Vurdering

Dette er eit rekrutterings- og entreprenørskapsprosjekt som kan ha mykje for seg.

Som illustrert i sak 22/07, vedlegg 2 (vedlagt her som vedlegg 3) er det no ei rekke aktivitetar/tiltak i Hallingdal på regionalt nivå.

Med bakgrunn i dei utfordringar Hallingdal har, og dei prosjekt som er i gang, blir det no gjort ein gjennomgang av dei ulike tiltak Regionrådet er involvert i, for å vera sikrare på at me gjer rett prioriteringar. Ut frå dette vil eg rå til at det ikkje blir løyvd midlar til prosjektet ”Student som ressurs”, før gjennomgang av rekrutterings- og entreprenørskapsprosjekt er handsama i Regionrådet.

Forslag til vedtak

1. Regionrådet for Hallingdal vil i denne omgang ikkje rå til at det blir løyvd midlar til prosjektet ”Student som ressurs”.
2. Regionrådet for Hallingdal ynskjer å vurdere dei rekrutterings- og entreprenørskapsprosjekt Regionrådet er involvert i, før det blir sett i gang nye prosjekt. Årsaka til dette er fyrst og fremst for å få ei meir samla prioritering av tiltak, ut frå dei utfordringar Hallingdal har.
3. Regionrådet for Hallingdal vil ta initiativ til ei samling med partar som er engasjert i rekrutterings- og entreprenørskap, for å få fram synspunkt i forhold til framtidige prioriteringar.

Ål 18.6.2007

Knut Arne Gurigard
Dagleg leiar

Vedlegg: 1. Søknad frå DBC Næringshage, dat. 11.6.2007
 2. Prosjektskisse
 3. Notat, dat. 15.2007 (vedlegg 2, sak 22/07)

Regionrådet for Hallingdal
v/ dagleg leiar Knut-Arne Gurigard

DBC Næringshage
3550 Gol
Telefon +47 32 02 99 60
Telefaks +47 32 02 99 21
Mobil 922 80 716
E-post malfrid@dbc.no
Org.nr. 863 534 402
Bankkonto: 2324 05 03727
Videokonferanse: 3207 6592
wwwdbc.no

Vår ref:97/07

Deres ref:

Dato: 11.06.07

SØKNAD OM FINANSIERING AV PROSJEKT "STUDENT SOM RESSURS"

Me viser til partnarskapsavtala mellom Regionrådet for Hallingdal og DBC Næringshage AS med mål om å samarbeide om m.a. auka kontakt mellom næringslivet, FOU-miljø og rekruttering av arbeidskraft.

Med bakgrunn i ei alt gjennomført kartlegging, samt møter med høgskuler og næringsliv, finn me grunnlag for å søke om finansiering for gjennomføring av et 2,5-årig prosjekt med tittelen "Student som ressurs". Prosjektskisse er lagt ved.

Prosjektet har kort sagt som målsetting å

- formidle prosjektoppgåver frå samfunnslivet i Hallingdal til studentar med relasjon til Hallingdal og nærliggjande høgskuler
- kartlegge interessa for å opprette traineeordning i næringslivet i regionen og arbeide fram ein meir varig organisasjons- og finansieringsmodell

Prosjektet vil mellom anna kunne bidra til

- å gjere lokalt samfunnsliv mer bevisst på å bruke studentar/høgskole/ FOU-som reiskap for nyskapningsaktiviteter i eiga verksemd
- Rekruttering av arbeidskraft med rett kompetanse/spisskompetanse for Hallingdal
- Spore mulige FOU-case i typiske distriktsbedrifter

I den samanheng ynskjer me å søke Regionrådet for Hallingdal om ei treårig finansiering på kr. 40.000/80.000/40.000 i perioden 2007-2009.

Med helsing

DBC Næringshage AS

Ola K. Frogner

Ola K. Frogner
Daglig leiar

DBC Næringshage AS

Målfrid Jordet Ågotnes
Prosjektleiar

Student som ressurs

Prosjektplan 2007-2009



DBC Næringshage AS

Prosjektplan "Student som ressurs"

1. MÅL OG RAMMER

1.1 Bakgrunn

1.1.1. Innleiing

Hallingdal er ein distriktsregion med knapt 20.000 innbyggjarar spreidd på seks kommunar. Det har dei siste åra vore ein svak nedgang i folketalet, og ein relativt stor nedgang i talet på innbyggjarar under 30 år. Under 20 prosent av innbyggjarane har høgare utdanning, og dette er ikkje eit høgt tal samanlikna med tilsvarende distriktsregionar. Ifylgje Regionrådet for Hallingdal er sentrale utfordringar for regionen å "oppretthalde folketalet med balanse i alderssamansetning og kjønnsfordeling"; "legge til rette for omstilling, nyskaping og kreativitet"; "styrke samarbeidet og bygge nettverk internt og eksternt" og "auke kompetansenivået".¹

Med under ein prosent arbeidsløyse har regionen ein svært pressa arbeidsmarknad, og det er vanskeleg å få tak i alle typar arbeidskraft. Over heile landet er det "arbeidstakars marknad", og kampen for å få tak i arbeidskraft blir stadig tøffare. Både bedrifter og regionar tek i aukande grad i bruk utradisjonelle verkemiddel for å llokke til seg studentar og nye innbyggjarar.² For å få tak i kvalifisert arbeidskraft er det nødvendig å vere på offensiven.

Det er ikkje nokon høgskule lokalisert i Hallingdal, og det er relativt få desentraliserte høgskulekurs som blir tilbydd. Samstundes ligg det fleire høgskuler i 2-4 timars omkrins, og potensialet for eit tettare samarbeid mellom regionen og desse kunnskapsmiljøa er stort. Utfordringa er å finne fram til konkrete verktøy og fruktbare samarbeidsformer for dette.

DBC Næringshage AS er eit regionalt utviklingsselskap i Hallingdal, med to hovudfunksjonar: 1. Drive og utvikle DBC Næringshage, med over 30 kunnskapsbaserte verksemder. 2. Bidra til næringsutvikling i Hallingdal i samarbeid med næringsliv og offentlege aktørar. Viktige satsingsområde for næringshagen er rekruttering, entrepenørskap og nettverksbygging mot næringsliv og forskings- og utviklingsmiljø (FoU-miljø).

DBC Næringshage AS ynskjer gjennom dette prosjektet å etablere to konkrete verktøy for å skape ei tettare kopling mellom samfunnsliv og høgskolemiljø/ studentar. Me ynskjer å gjennomføre:

1. Eit hovudprosjekt som går på formidling av prosjektoppgåver, på bakgrunn av ein forstudie utført 2006-2007.
2. Ein forstudie for å kartlegge interessa for å opprette ei regional traineeordning. Dersom tilstrekkeleg bedrifter er interessert vil forstudiet utarbeide ein modell/organisasjonsform for traineeordning i Hallingdal.
3. Å utforme eit "kursopplegg" med fokus på entrepenørskap som studentar som skriv prosjektoppgåver og traineear kan få tilbod om.

Sidan det er tette band mellom desse verktøya, har me vald å integrere alle i prosjektet "Student som ressurs".

¹ Regionrådet for Hallingdal: *Strategisk Plan for Hallingdal 2006-2010*, s. 8

² Sjå medieklipp i vedlegg 3.

1.1.2. Formidling av prosjektoppgåver

Etter å ha avslutta vidaregåande skule flyttar mange unge ut av Hallingdal for å ta høgre utdanning ved universitet og høgskuler. Ei spørjeundersøking utført av Østlandsforskning syner at mange i denne gruppa ynskjer å flytte tilbake til Hallingdal, men dei blir hindra fordi dei ikkje finn spanande og relevante arbeidsplassar.³ Spørjeundersøkinga synte også at mange i denne gruppa ynskjer seg betre kunnskap om kva moglegheiter arbeidslivet i Hallingdal har å by på.

I løpet av studietida må dei alle fleste studentar skrive prosjektoppgåver i ulike storleikar (bacheloroppgåver, masteroppgåver, diplomoppgåver etc.).⁴ Desse oppgåvene er ofte henta frå reelle problemstillingar i offentlege og private verksemder, og studentar og studiestadene er kontinuerlig på jakt etter "case" til prosjektoppgåver. I forlenginga av dette kan det dukke opp problemstillingar som kan eigne seg til vidare forsking, t.d. gjennom doktorgrader.

Næringslivet i Hallingdal består i stor grad av små bedrifter med 1-3 tilsette, og det kan vere vanskeleg å få tid til å arbeid tilknytt analyse, utvikling og innovasjon. For bedrifter kan det å setje slike arbeidsoppgåver ut til studentar i form av prosjektoppgåver vere ein moglegheit til å få utført oppgåver dei elles ikkje har ressursar eller kunnskapar til å gjennomføre. Gjennom prosjektoppgåver kan verksemder dessutan få kontakt med Forskings- og utviklingsmiljø (FoU) med tanke på vidare utvikling av verksemda. Små bedrifter i distriktet står ofte overfor same type utfordringar, og det kan i den samanheng vera fruktbart at fleire bedrifter går saman om prosjektoppgåver innan same tema. Slik kan også bedrifter leggje fram attraktive prosjektoppgåver for studentar, og som "spin-off" utvikle tettare samarbeid med andre bedrifter. I ein pressa arbeidsmarknad, med kamp om personar med høgare utdanning, vil formidling av prosjektoppgåver også vera ein moglegheit for å etablere kontakt med potensielle framtidige arbeidstakrarar.

Studentane sit på si side att med spisskompetanse om Hallingdal, betre kunnskapar om kva moglegheiter arbeidslivet regionen har å by på, ideer og erfaringar i å starte eller drive eiga verksemde, samt kontakt med ein potensiell arbeidsgjevar.

Det finnест i dag nokre få sider på internett som formidlar prosjektoppgåver frå næringsliv og offentlege aktørar til studentar, dei største er "Vitenskapsbutikken" ved Universitetet i Oslo og "Ideportalen" tilknytt NTNU i Trondheim. Dette er gode portalar som kan vere til fagleg hjelp og inspirasjon i arbeidet med å formidle prosjektoppgåver frå Hallingdal. Samstundes har portalane avgrensingar som ikkje gjer dei svært relevante som kanalar for formidling av studentoppgåver frå Hallingdal.⁵ Etter det DBC Næringshage AS kjenner til, har ingen av høgskulene i vårt nærområde eigne nettsider for formidling av prosjektoppgåver til studentar.

Resultat av forstudie

DBC Næringshage AS gjennomførte frå desember 2006 til mars 2007 ein forstudie for å finne ut om formidling av prosjektoppgåver er interessant for samfunnslivet i Hallingdal og for høgskuler som ligg i nærliken av Hallingdal. Annonsering og bruk av nettverk resulterte i rundt 20 oppgåver frå kommune, næringsliv og frivillige organisasjonar i

³ Grimsrud, Gro Marit: *Resultater fra en spørreundersøkelse blant unge voksne med relasjoner til Valdres og Hallingdal*. ØF-rapport nr. 19/2005.

⁴ Eit døme på studentoppgåve med lokal tilknytning, er oppgåva "Sansenes landskap" skrive av landskapsarkitekt Mari Frøysok frå Gol, som var ferdig ved UMB i 2006. Ho tok for seg tilrettelegging av fjellområde for alle, med utgangspunkt i Golsfjellet.

⁵ Vitenskapsbutikken er kun eit tilbod til masterstudentar ved et samfunnsvitenskapelige fakultet, Det utdanningsvitenskaplige fakultet og Institutt for medier og kommunikasjon ved Universitetet i Oslo. Ideportalen er ein nasjonal portal, men per i dag er det kun høgskuler i Trøndelag og Møre og Romsdal som er med i samarbeidet.

Hallingdal. I tillegg signaliserte fleire kommunar at dei på sikt har oppgåver som kan vera aktuelle.

Desse 20 oppgåvene vart i januar/februar marknadsført mot Høgskolen i Buskerud, BI Drammen, Høgskolen i Sogn og Fjordane, Høgskulen på Lillehammer, Høgskulen i Telemark og Universitet for miljø- og biovitenskap på Ås. I tillegg vart dei rundt 250 personane som står registrert i databasen www.ressurspersoner.no informert om moglegheten for å skrive prosjektoppgåver frå Hallingdal.

Alle høgskulene responderte positivt, men påpeika at dei aller fleste studentar bestemmer seg for oppgåver alt haustsemesteret, og at innspelet såleis kom for seint i denne omgang. Fagpersonar ved samlede høgskuler understreka at dei ynskjer å ta imot prosjektoppgåver frå Hallingdal i framtida. Ein av personane i www.ressurspersoner.no viste interesse for å skrive masteroppgåve om ei av oppgåvene.

DBC Næringshage AS har etter dette hatt møte med Høgskolen i Buskerud og BI Drammen, som begge er positive til å formidle oppgåver til sine studentar.

Konklusjonen etter forstudiet er at det både blant næringslivet, kommunar og frivillige organisasjonar er interesse for å samarbeide med studentar om prosjektoppgåver, samt at høgskulene i nærområdet ynskjer å ta imot prosjektoppgåver frå Hallingdal og ser på dette som eit svært positivt tiltak.

Oversikt, ressursbruk forstudie (utført og finansiert av DBC Næringshage AS)

| Tidspunkt | Aktivitet | Utgifter, NOK | Tidsbruk |
|---------------------|---|---------------|-------------|
| Des 2006 | 2 annonser i Hallingdølen "Behov for nytenking og analyse i 2007?" | 7.000 | 2 t |
| Des. 2006 jan. 2007 | Brev til bedrifter og kommunar for å kartlegge inter. for prosjektoppgåver | | 6 t |
| Jan 2007 | Dialog med lokale aktørar, utarbeiding av oversikt over oppgåver | | 6 t |
| Jan-febr. 2007 | Formidling av studentoppgåver til aktuelle fagmiljø | | 6 t |
| Jan-febr. 2007 | 2 møter med BI Drammen | | 6 t |
| Febr. 2007 | Videokonferanse med Høgskolen i Busk. | | 4 t |
| Mars 2007 | Deltaking på seminar "Grønt lys for næringslivet" ved Papirbredden kunnskapspark, Drammen | 1.500 | 12 t |
| | Formidling via nettsider, nyhetsbrev til n-livet og nyhetsbrev ValHall | | 5 t |
| Mars 2007 | Utforming av hovudprosjekt | | 25 t |
| | Div. utgifter (telefon, materiell etc.) | 3.000 | |
| | Samla tidsbruk: 67 t à 500 kr | 33.500 | |
| | Totalt | 47.500 | 72 t |

1.1.3. Traineeordning

I overgangen frå studiar til arbeidsliv ynskjer mange studentar å gå inn i traineeordningar.⁶ Dette inneber at personar som nyleg har avslutta høgare utdanning i

⁶ Sjå vedlegg 3.

løpet av ein periode på 12-24 månader arbeider i to til fire ulike bedrifter, eller i ulike avdelingar i same bedrift. Ordninga kan oppsummerast slik:

- "En praksisarbeidsplass tilknyttet en eller flere bedrifter, virksomheter eller organisasjoner i en avgrenset tidsperiode som er koblet med et definert opplæringsprogram.
- En tilsetting i en avtalt periode av en arbeidstaker med minimum utdanning fra høgskole eller universitet.
- Et forpliktende samarbeid mellom flere bedrifter, virksomheter, organisasjoner sammen med en eller flere høyskole/-r og/eller universitet.
- En ordning som bidrar til tilgang utprøving av høyt kvalifiserte arbeidsressurser som bedrifter ellers må bruke krevende energi for å få tilgang til."⁷

Konseptet er mykje brukt internt i store firma i sentrale strøk, men har også blitt gjennomført med suksess i distrikts-Noreg. I Hedmark gjekk fleire verksemder i bedriftsnettverket Vikinglauget saman om å opprette eit traineeprogram, og i dag samarbeider ni bedrifter om å ta imot traineear. Så langt 46 personar delteke i traineeordninga, og Vikinglauget tek årleg imot 5-7 personar. Eit av måla med traineeordninga er å vise at det finnes interessante stillingar i bedriftene.⁸

I Namsos har næringshagen Namdalshagen AS, saman med bedriftene i næringshagen, Kompetansering Namdal og Høgskulen i Nord-Trøndelag nyleg etablert ei traineeordning, der det fyrste kullet med fire traineear har blitt teke opp. Visjonen bak ordninga er: "Regional utvikling i Namdalen gjennom kompetansebygging for å styrke bedrifter i Namdalen."⁹ Det finnест også fleire andre døme på vellukka regionale traineeordningar.

Også kommunar har vist interesse for konseptet, og KS oppretta i fjor eit pilotprosjekt for å etablere ei kommunal traineeordning.¹⁰ Gjennom eit samarbeid mellom KS og Høgskolen på Lillehammer, har det til dømes blitt oppretta kommunetraineestillingar for studentar i organisasjon og leiing.¹¹

På bakgrunn av erfaringar frå ValHall-prosjektet, der Valdres Næringshage og DBC Næringshage arbeider for å stimulere til flytting og entrepenørskap i dei to regionane, har me sett at det er behov for *handgripelege verktøy* som kan gje potensielle tilflyttar *konkrete* kunnskapar om kva mogleheter arbeidslivet i Hallingdal har å by på. Etableringa av ei traineeordning i Hallingdal vil kunne møte eit slikt behov.

I andre samanhengar har me erfart at det er avgrensa samarbeid og nettverk mellom bedrifter i Hallingdal, også mellom bedrifter innan same bransje. Samarbeid om å etablere traineeordningar kan stimulere til bedriftsnettverk og samarbeid på andre område, og skape auke dynamikk i næringslivet i regionen. Det kan også vere aktuelt å finne koplinger til bedrifter i andre regionar eller i nærliggjande byar, eller til bedrifter som kan kombinere ei regional traineeordning med traineeordningar sentralt (t.d. E-CO, Gjensidige, Sparebank1)

Dersom interessa for traineeordning er stor, vil det vere aktuelt å vurdere om det skal opprettast eigne bransjevisse traineeordningar (t.d. reiseliv, industri osv) eller om det er meir tenleg å organisere ordinga på andre måtar.

⁷ <http://www.namdalshagen.no/index.asp?strurl=1002524>

⁸ Les meir om ordninga på www.vikinglauget.com og www.vl-trainee.no

⁹ <http://www.namdalshagen.no/index.asp?strurl=1002524>

¹⁰ <http://www.ks.no/templates/Page.aspx?id=36216>

¹¹ http://www.hil.no/hil/layout/set/print/startside/nyheter/arkiv/ledsesstudenter blir_kommunetraineer

DBC Næringshage AS har oppretta dialog med ei rekke ulike traineeordningar for å kunne dra veksel på deira kunnskapar i prosessen mot ei eventuell etablering av traineeordningar i Hallingdal. Gjennom ValHall-prosjektet har SpareBank1 Hallingdal og Valdres Næringshage vist interesse for å delta i eit forprosjekt for å kartlegge interessa for å etablere traineeordning.

1.1.4 Stimulere til entrepenørskap

Å stimulere til nyskaping og oppstart av nye bedrifter er nedfelt i både nasjonale, regionale og lokale strategiar. Særleg for distriktsregionar som Hallingdal er det viktig å bidra til etablering av innovative bedrifter, både for å kunne tilby fagkompetanse lokalt, attraktive arbeidsplassar for høgare utdanna, samt for å "henge med" i utviklinga og kampen om kundane innan t.d. reiseliv.

Prosjektet ynskjer å legge til rette for at studentane og traineeane blir stimulert til entrepenørskap i samband med traineejobben/skriving av prosjektoppgåver. For nystarta bedrifter kan nettopp studentar vere ein svært nyttig og billig ressurs, som t.d. kan bistå under viktige prosessar som å utvikle/gjennomføre marknadsundersøkingar, utvikle marknadsføringsprofil, analysere kundeanalyasar osv. Gjennom slike oppgåver vil studenten tilegne seg viktige erfaringar og kunnskapar om det å starte opp og drive eiga verksemd. Betre kjennskap til næringslivet i regionen kan også føre til at studentar oppdagar nye "nisjer" og får ideear til oppstart av anten eigen bedrift, eller vidare utvikling i eksisterande bedrifter. Det er i den samanheng viktig at det blir lagt til rette for at studenten kan samarbeide med sitt familjø. Gjennom prosjektoppgåver/traineejobbing blir det også bygd nettverk som er svært viktig ved oppstart av eigen bedrift.

Å fokusere på entrepenørskap kan også inngå som ein del av oppfylginga av traineeane under faglege samlingar, bedriftsbesøk, oppgåveskriving m.m. T.d. kan både traineear og studentar som skriv prosjektoppgåve få tilbod om å fylgje etablererkurs.

1.2 Prosjektmål

Dei overordna måla med prosjektet er:

- Å auke kontakten mellom studentar/FoU-miljø og samfunnslivet i Hallingdal
- Å tilføre verksemder ny kompetanse gjennom prosjektoppgåver og traineear
- Identifisere / koble mogelege utviklingscase med FOU- potensial i samfunnslivet
- Stimulere til bedriftsnettverk og bedriftsutvikling
- Etablere konkrete reiskap som gjer det lettare og meir attraktivt for personar med høgare utdanning å flytte til Hallingdal

Delmål 1:

- Sørge for at prosjektoppgåver frå Hallingdal blir tilgjengeleg på internett, finne fram til eigna kanal for dette.

Delmål 2:

- Gjennomføre eit forprosjekt for å kartlegge interessa for å etablere traineeordning i Hallingdal, og finne fram til ein modell for organisering og finansiering av ei slik ordning.

Delmål 3:

- Bidra til auke interesse for entrepenørskap, og sørge for at det både i traineeordninga og i samband med formidling av prosjektoppgåver blir fokusert entrepenørskap og positive haldningar til det å starte eigen verksemd

Dersom prosjektmålet blir oppnådd kan fylgjande effektmål bli realisert:

- Terskelen for å flytte tilbake til Hallingdal kan bli lågare blant unge med høgare utdanning
- Det blir oppretta kontakt mellom studentar og potensielle arbeidsgjevarar i Hallingdal
- Kontakt med studentar/ FoU-institusjonar kan føre til nyskaping og utvikling i næringslivet i Hallingdal samt etablering av nye arbeidsplassar eller bedrifter
- Lettare å identifisert, men også kople moglege utviklingscase med FOU- potensial mot FOU- miljø (Skattefunn)
- Positiv marknadsføring av regionen mot studentar og fagmiljø, viser at Hallingdal er på offensiven.
- Auka samarbeid mellom bedrifter i Hallingdal, utvikling av bedriftsnettverk
- Avdekking av problemstillingar med potensiale for vidare forsking, doktogradar
- Fleire studentar/tidlegare traineear startar eigen bedrift, eller bidreg til utvikling og nyskaping i etablerte bedrifter.

1.3 Samsvar med regionale/nasjonale målsettingar

Desse målsettingane samsvarer med sentrale mål i Regionrådet for Hallingdal sin strategiske plan for 2006-2010. Der vert det i mål 8 slått fast at fast at regionen skal arbeide for å skape arenaer for innovasjon og nyskaping, ved å "legge til rette for bransjar med særleg vekstpotensiale gjennom samhandling", "bidra til etablering og vidareføring av bransjearenar/bedriftsnettverk" og ikkje minst: "Oppsøke høyskoler for å synliggjøre Hallingdal som arbeidsregion".¹²

Å skape auka kontakt mellom kunnskapsinstitusjonar og næringsliv er dessutan eit overordna politisk mål, som blant anna vert framheva av Nærings- og handelsdepartementet.¹³ Eit anna politisk mål, særleg påpeika av Kommunal- og Regionaldepartementet, er at "folk skal kunne bu der dei ønsker", mellom anna ved å "betre grunnlaget i dei enkelte regionane ved å styrke kompetansen, leggje til rette for nyskaping og næringsutvikling, redusere avstandshinder". Om bygder og mindre stader blir det særleg påpeika at det er ei særleg utfordring å gjere stadene attraktive for unge i etableringsfasen".¹⁴

1.4 Rammer

Det er eit regionalt orientert prosjekt, og tilbodet om formidling av prosjektoppgåver vil gå til aktørar i alle dei seks Hallingdalskommunane. Prosjektet har ei planlagt tidsramme på to år: Frå juni 2007 til juni 2009.

2. OMFANG OG AVGRENsing

- Prosjektet ynskjer primært å formidle prosjektoppgåver til dei høgskulene som geografisk ligg i nærliken av Hallingdal¹⁵ og til studentar med relasjon til Hallingdal. Dersom det kjem inn prosjektoppgåver innan fagområde som desse høgskulene ikkje dekkar, vil relevante fagmiljø høgskuler og universitet andre stader i landet bli kontakta.
- Prosjektet kan ikkje ta ansvar for at studentane blir godt fylgde opp av aktuelle verksemder, eller for at studentane fullfører prosjektoppgåva på ein

¹² Regionrådet for Hallingdal, 2006: *Strategisk plan, Handlingsplan*, s. 5

¹³ <http://www.regjeringen.no/nb/dep/nhd/Tema/Forskning-og-utvikling-i-næringslivet/Forskning-og-utvikling-i-næringslivet-.html?id=426434>

¹⁴ Kommunal- og regionaldepartementet: Stortingsmelding nr. 21 2005-2006 "Hjarte for heile landet"

¹⁵ Høgskolen i Buskerud, BI Buskerud, Høgskulen i Sogn og Fjordane, Høgskulen på Lillehammer, Høgskulen på Gjøvik, Høgskulen i Telemark. I tillegg kan også Universitetet i Oslo, Universitet for miljø- og biovitenskap på Ås, BI Oslo, Handelshøgskolen i Bergen og Universitetet i Bergen vera aktuelle samarbeidspartnarar.

tilfredsstillende måte. Dette blir eit forhold mellom høgskule/student og kvar enkelt bedrift. DBC Næringshage AS si rolle er kun å formidle oppgåvene.

3. ORGANISERING

3.1 Prosjektleiing

Prosjektsvarleg (PA): Ola K. Frogner, dagleg leiar i DBC Næringshage AS

Prosjektleiar (PL): Målfrid Jordet Ågotnes, prosjektleiar i DBC Næringshage AS

3.2 Andre roller

Prosjeigar: DBC Næringshage AS

Det er oppretta ei arbeidsgruppe bestående av

Ann Karin Opheim, personalleiar i SpareBank1 Hallindal

Hilde Tveiten Døvre, prosjektleiar i Valdres næringshage

Målfrid Jordet Ågotnes, prosjektleiar i DBC Næringshage

Referansegruppe traineeordning (RG):

- Representant frå kommune (næringskonsulent, samfunnsutvikling e.l.)
- Representantar frå næringslivsaktørar
- Representantar frå høgskuler
- Evt. representant frå øvrige traineeordning eller tidlegare trainee

Så langt har HIBU, BI Drammen og Gjensidige Hallingdal sagt seg villige til å delta med personar til referansegruppa.

3.3. Samarbeidspartnarar

Sjå punkt 3.2.

4. BESLUTNINGSPUNKT, OPPFØLGING OG MILEPÆLAR

4.1 Beslutningspunkt

Utover dei obligatoriske beslutningspunktene, vil det leggjast inn beslutningspunkt

- 20. aug. 2007 for prosjektoppgåver for å svare på spørsmålet:
Har me studentoppgåver frå Hallingdal å formidle mot FoU-miljø ?
- 1. oktober 2007 for traineeordninga for å svare på sprørsmålet:
Er næringslivet tilstrekkeleg interessert i ei traineeordning for å arbeide vidare med saka?

4.2 Oppfølging

Jamlege statusmøter mellom PA og PL, samt i dei to referansegruppene.

4.2 Milepælar

Prosjektoppgåver

| DATO | MILEPÆL |
|-----------------|--|
| 20. aug. 2007 | Gjennomført kartlegging av kontaktpersonar, fagområde, tidspunkt for oppgåveskriving hjå aktuelle høgskuler. |
| 20. aug. 2007 | Kartlagt minst 25 prosjektoppgåver frå Hallingdal, samt identifisering av mulige utviklingscase i bedrift med FOU-potensial (Skattefunn) |
| 20. august 2007 | Oppgåvene er lagt ut på internett dersom oppdragsgjevar gjev samtykke til dette |
| 20. sept. 2007 | Formidla oppgåvene til fagansvarlege ved HiBu, HiT, HiSF, HIL, BI Drammen, UMB og andre relevante fagmiljø |
| 1. mars 2008 | Minst 10 studentar skriv prosjektoppgåve frå Hallingdal |

| | |
|---------------|---|
| 20. aug. 2008 | Kartlagt minst 15 nye prosjektoppgåver frå Hallingdal, samt identifisert mulige utviklingscase i bedrift med FOU- potensial |
| 1. sept. 2008 | Formidla oppgåvene til fagansvarlege ved HiBu, HiT, HiSF, HIL, BI Drammen, UMB og andre relevante skuler |
| 1. mars 2008 | Minst 10 studentar skriv prosjektoppgåve frå Hallingdal |
| 1. juni 2008 | Etablert permanent system for formidling av studentoppgåver |

Traineeordning

| DATO | MILEPÅEL |
|---------------------|---|
| 1. sept. 2007 | Gtått ut med informasjon til næringslivet, invitasjon til å delta |
| 20. sept 2007 | Tilbakemelding frå næringslivet |
| 20. sept. 2007 | Gjennomført studietur til Namdalshagen og traineeordninga i Sogn, og innhenta anna relevant bakgrunnsmateriale |
| 1. okt. 2007 | Identifisert bedrifter som er interessert og oppretta arbeidsgrupper med desse bedriftene |
| 1. des. 07 | Utforma modell for traineeordning |
| 1. jan 08 | Utforming av konsept, marknadsmateriell osv |
| Jan-mars 08 | Marknadført traineeordninga mot målgruppa, søknadfrist 31. mars |
| 1. juni 08 | Gjennomført intervju og opptak av traineear |
| 15. aug 08 | Traineekull 1 starta opp |
| August 08-august 09 | Justeringer/tilpassing av eksisterande traineeordningar, identifisering av nye bedrifter og utviding av ordning |

Stimulere til entrepenørskap

| | |
|--------------|--|
| 1. jan. 2008 | Ha oppretta dialog med aktørar innan entrepenørskap om å utarbeide opplegg/tilbod |
| Kontinuerlig | Stimulere nyestablerte bed. til å tilby prosjektoppgaver |
| 1. juni 2008 | Ha utarbeidd eit "kurstoppligg" med fokus på entrepenørskap som alle studentar/traineear får tilbod om |
| 1. aug. 2009 | Ha gjennomført første runde av kurstilbodet retta mot studentar |

5. RISIKOANALYSE OG KVALITETSSIKRING**5.1 Kritiske suksessfaktorar/kvalitetssikring****Prosjektoppgåver**

- *Næringsliv/offentlege aktørar i Hallingdal har ikkje prosjektoppgåver.*
- Forstudiet har kartlagt at det er interesse for å få utført prosjektoppgåver av studentar, så dette er lite sannsynleg. Samstundes er det viktig at prosjektet i større grad synleggjer denne moglegheitene.
- *Ingen studentar skriv oppgåver frå Hallingdal.* Det kan vera vanskeleg å marknadsføre oppgåvene til fagpersonar og studentar, og dei ulike høgskulane har varierande praksis for formidling av oppgåver. Det er ein viss sannsynlegheit for at dette kan skje. For å førebygge dette er det viktig å gjere ei grundig kartlegging av kontaktpersonar, fagområde etc. ved dei aktuelle høgskulene og ha oppretta ein god dialog.
- *Det er for stor avstand mellom Hallingdal og studiestadene, noko som forhindrar studentane i å skrive oppgåver.* Det er ein viss fare for at studentane vil

føretrekkje å skrive oppgåver frå nærmiljøet framfor å reise til Hallingdal. For å gjera det meir attraktivt å reise til Hallingdal kan verksemduene bli oppmoda til å tilby goder som dekking av reise, overnatting, gratis skikort osv. Det er også viktig å marknadsføre oppgåvene mot studentar med tilknyting til Hallingdal, som har ein lågare terskel for å reise til regionen.

Traineeordning

- *Bedriftene er for små til å handtere traineeordning*. Denne utfordringa kan løysast gjennom ei god prosjektorganisering der prosjektet kan bidra med tett oppfylging av bedrifter/traineen og ved godt samarbeid mellom bedriftene i traineeordninga.
- *Det er ikke interesse blant bedrifter for å delta i ordninga*. Traineeordning er lite brukt i Hallingdal, og ei utfordring blir å legge fram informasjonen på ein måte som gjer dette attraktivt for verksemder. Ved å bruke mange gode eksempel over tid (tidlegare traineear frå Hallingdal, bedrifter med gode erfaringar etc.) kan ein skape eit positivt bilet. Det er ein viss fare for at denne faktoren kan inntrefte. Samstundes bidreg knappheita på arbeidskraft og vanskane med å rekruttere relevant kompetanse til å redusere risikoen.

6. GJENNOMFØRING

6.1 Hovudaktivitetar prosjektoppgåver

6.1.1. Innsamling av prosjektoppgåver

- Gjera tilbodet kjent lokalt gjennom annonser, brev (e-post) og media og på samlingar som t.d. forskningsdagene etc. Utarbeide eigen marknadsføringsplan.
- Bistå verksemder med å utarbeide standardskjema for kvar oppgåve (sjå vedlegg 4.)
- Kartlegge kva praktisk tilrettelegging det krevs av oppdragsgjevar og evt. goder kvar oppdragsgjevar kan tilby studentane (t.d. kontor, hybel, skikort, dekke reisekostnader etc)
- Sile ut potensielle utviklings/ FOU- case som bør koplas mot "Kompetansemekler/ Inkubator

6.1.2. Opparbeide god kommunikasjonsplattform med høgskulemiljø/studentar

- Opprette dialog med FoU-miljø gjennom besøk, videokonferansar etc.
- Gjennomføre systematisk kartlegging av fagområde, organisering, tidspunkt for innlevering av oppgåver, kontaktpersonar ved kvar einskild høgskule
- Bygge nettverk mot FoU-miljø gjennom deltaking på seminar (t.d. "Grønt lys for næringslivet" ved Papirbredden kunnskapspark og HSS-07, "Høgskole og Samfunn i Samhandling")
- Bruke studentar (t.d. marknadsføring) til å skrive studentoppgåve med problemstillinga "Korleis nå fram til studentar med studentoppgåver frå Hallingdal?"

6.1.3. Direkte formidling av prosjektoppgåver til studentar/kunnskapsinstit.

- Bruke det opparbeidde nettverket, jfr. pkt. 6.1.2
- Direkte kontakt med fagpersonar ved høgskuler
- Bruke etablerte kanalar som Vitenskapsbutikken og Idéportalen
- Formidle til www.ressurspersoner.no
- Formidle til studentar via studentforeningar, annonse i studentavisar etc.

6.1.3. Etablere kanal for formidling av prosjektoppgåver/ traineeordning

- Kontaktar UIO og NTNU for erfaringsutveksling
- Vurdere om etablerte kanalar kan brukast, t.d. hallingdal.net, wwwdbc.no, ressurspersoner.no

- Finne samarbeidsaktørar og utarbeide modell for drift og finansiering for permanent kanal.
- Vurdere om det er rett å bruke ein felles kanal for prosjektoppgåver og traineeordning

6.1.4 Marknadsføre tilbodet overfor avgangselevar ved vgs i Hallingdal

- Opprette dialog med dei vgs for å synleggjere at det gjennom studietida er mogleg å halde kontakt med Hallingdal gjennom prosjektoppgåver. Kontakte rådgjevar, evt. Karrieresenter for Hallingdal.
- Synleggjere tilbodet på t.d. yrkesmesse, annonse i russeavis
- Vurdere om det skal opprettast eit verktøy (nettseite el.l.) for å ha dialog med avgangselevar frå Hallingdal om prosjektoppgåver og andre tilbod (gjennom frivillig registrering) eller om det finnест eigna verktøy til dette føremålet som t.d. www.ressurspersoner.no
- Avklare om det er grunnlag for å utarbeide statistikk om kvar avgangselever frå Hallingdal flyttar, val av studiestad, utdanning, tilbakeflytting etc.

6.2. Hovudaktivitetar traineeordning

6.2.1. Innhenting av informasjon og kartlegging av samarbeidsaktørar

- Studieturar til Namdalshagen og Vikinglauget, lære om organisasjonsmodellar og framgangsmåtar
- Innhente informasjon om/erfaringar frå andre traineeordningar, t.d. innan ulike bransjar (industri, reiseliv, øk/adm. etc)
- Bruke hallingar som er traineear andre stader som referansepersonar
- Vurdere kor vidt det er aktuelt å ha eit tett samarbeid med aktørar som tilbyr relaterte ordningar, som t.d. Buskerud fylkeskommune si ordning med reiselivsstipendiat.

6.2.2. Kartlegging av interesse blant næringsliv

- Skape medvit rundt ordninga i Hallingdal gjennom medieoppslag og informasjon under ulike næringslivssamlingar
- Kartlegge interessa i Hallingdal gjennom direkte kontakt med bedrifter, annonser og ope informasjonsmøte.
- Kartlegge kva bransje det kan vere aktuelt med traineear innan, finne ut om det er grunnlag for ulike bransjetraineear eller ikkje

6.2.3. Etablere rammer

- Legge til rette for godt samarbeid mellom aktuelle bedrifte, organisere arbeidsgrupper der kvar gruppe får stort ansvar for å:
- Utarbeide organisasjonsmodell, finansieringsmodell og kontraktar som grunnlag for igangsetting av hovudprosjekt. Avklare roller i samband med drift.

6.2.4. Marknadsføring, opptak og revidering

- Utarbeide marknadsmateriell
- Gjennomføre marknadsføring av ordninga og opptak av 1. kull traineear
- Revidere/justere/utvide traineeordninga, heve kvalitet/omfang til neste kull

6.3. Hovudaktivitetar stimulere til entrepenørskap

- Knytte til seg aktørar som arbeider med entrepenørskap, som Hallingdal Etablerersenter, Innovasjon Buskerud osv.
- Utarbeide eit opplegg som studentar/traineear får tilbod om, t.d. etablererkurs, bedriftsbesøk osv.
- Profilere tilbodet om prosjektoppgåver spesielt mot innovative nyetablerte bedrifter/bedriften i tidleg fase.

6.4. Tidsplan

| Aktivitetsplan | Juni-aug 2007 | Aug-des 2007 | Jan-juni 2008 | Juli-des. 2008 | Jan-juni 2009 |
|--|--------------------------|-------------------------|--------------------------|---------------------------|--------------------------|
| PROSJEKTOPPGÅVER | | | | | |
| Kartlegging prosjektoppgåver | x | | x | | |
| Etabl. kommunikasjon med høgskuler | x | X | x | | |
| Direkte formidling av prosjektoppgåve | x | X | | x | |
| Etabl. kanal for formidling av oppgåver | | | | x | X |
| Marknadsføre tilbodet overfor elevar vgs | | | | | x |
| | | | | | |
| TRAINEEORDNING | | | | | |
| Innhenting av informasjon | x | X | | | |
| Kartlegging av interesse | x | X | X | | |
| Opprette arbeidsgrupper | | x | x | | |
| Etablere rammer (org.modell, fin.modell) | | X | | | |
| Eventuelt utarbeide hovedprosjekt | | | x | | |
| | | | | | |
| STIMULERE TIL ENTREPENØRSKAP | | | | | |
| Opprette dialog med sentrale aktørar | | X | | | |
| Stimulere nyestablerte bed. til å tilby prosjektoppgaver | | X | x | x | x |
| Utarbeide opplegg for studentar/trainear | | | x | | |
| Iverksetje opplegg retta mot stud/trainear | | | | x | X |

7. ØKONOMI

| Kostnader (i hele 1000) | 2007 | 2008 | 2009 | Sum |
|--|-------------|-------------|-------------|------------|
| Prosjektoppgåver | | | | |
| Kurs og reise | 10 | 10 | 5 | 25 |
| Marknadsføring næringsliv, avgangselever og studentar | 20 | 15 | 5 | 40 |
| Møter, møteprosess fagansvarlig | 20 | 5 | 5 | 30 |
| Prosjektleiing à kr. 550 pr. time | | | | |
| - tid til oppfylging/møter med oppdragsgjevarar | 35 | 30 | 25 | 90 |
| - utforming / presentasjon av oppg på nett osv. | | | | |
| - formidle til fagmiljø/studentar | | | | |
| - m.m | 10 | 10 | 10 | 30 |
| Diverse utlegg | | | | |
| | | | | |
| Traineeordning | | | | |
| Kurs Studietur | 15 | 25 | | 40 |
| Annonse/marknadsføring/design, | | | | |
| Konseptutforming | 30 | 60 | 40 | 130 |
| Foredragshaldarar | 15 | 12 | | 27 |
| Møteverksemد | 10 | 25 | 20 | 55 |
| Prosjektleiing a kr. 550/t | | | | |
| - erfaringsutveksling, research | | | | |
| - identifisering av bedrifter, dialog | | | | |
| - utforming av konsept/markandføre ordning | | | | |
| - m.m | 40 | 60 | 20 | 120 |
| Diverse utgifter | 15 | 15 | 10 | 40 |
| Stimulering entrepenørskap | | | | |
| | | | | |
| Sum kostnader | 220 | 282 | 155 | 657 |
| Finansiering (i hele 1000) | | | | |
| | 2007 | 2008 | 2009 | Sum |
| Buskerud Fylskommune/ Regionråd | 40 | 80 | 40 | 160 |
| DBCN – eigeninnsats | 30 | 22 | 15 | 67 |
| Sparebank/ forsikring | 20 | 50 | 30 | 100 |
| Nærings- og samfunnsliv | 40 | 50 | 50 | 140 |
| VRI - forskningsrådet | 90 | 90 | 20 | 200 |
| Sum finansiering | 220 | 282 | 155 | 657 |

Vedlegg

1. Døme på prosjektoppgåve frå Hallingdal
2. Tilbakemelding frå student
3. Artikkel, Aftenposten
4. Skjema til utfylling av oppdragsgjevar, om prosjektoppgåver

Vedlegg 1: Døme på prosjektoppgåve fra Hallingdal**– Kvalitet & Sikkerhet AS**

Kvalitet & Sikkerhet AS arbeider med varierte oppgaver innen fagområdene helse-, miljø og sikkerhet, kvalitetssikring og organisasjon. Våre oppdragsgivere spenner fra oljeselskaper og store offshore engineering- og serviceselskaper til små og mellomstore landbaserte virksomheter, også offentlig virksomhet. Hallingdal og Valdres regnes som et spesielt interessant område ettersom hovedkontoret ligger på Gol. Våre tjenester er i første rekke HMS- og kvalitetsledelse i drifts- og utbyggingsprosjekter offshore, utvikling og vedlikehold av styringssystemer for HMS og kvalitet i små og mellomstore bedrifter (SMB), risikoanalyser og revisjons- og opplæringsaktiviteter, samt tilfredshetsmålinger. På grunn av teknisk vedlikehold er vår hjemmeside nede for tiden.

I tillegg til et nettverk av samarbeidende konsulenter utgjør den faste staben for tiden ca. 2 årsverk, basert på en person på heltid og to på deltid. Da det er sterkt etterspørsel etter våre tjenester, trenger vi å utvide virksomheten. I den sammenheng trengs temporær bistand til å utvikle vårt konsept. Derfor vil det passe godt å få hjelp av høyskolestudenter på spesielt to områder:

1. Markedsanalyser
2. Konseptutvikling
3. Systemering og utvikling av programvare/infrastruktur
4. Markedsføring

1 Markedsanalyser

I forbindelse med våre vekstplaner bl.a. i forhold til egenutviklede programmer, er det behov for en markedsundersøkelse. Undersøkelsen vil ha som mål å kartlegge hvilke type tjenester næringslivet har behov for innen HMS/kvalitetssikringsområdet, også mht omfang, innhold, teknisk- og organisatorisk grensesnitt m.v. Potensielle konkurrenter skal også kartlegges. Det vil være behov for både kvantitative og kvalitative metoder. Resultatene vil danne grunnlag for vår forretningsstrategi de nærmeste årene.

2 Systemering og programvareutvikling

Både drifting av ulike HMS/K-aktiviteter (outsourcing), informasjons- og kunnskapsformidling, samt ulike analyser som risikovurderinger og tilfredshetsmålinger blant medarbeidere og kunder vil være en viktig del av vår satsning fremover. Det gjelder også utvikling av beslutningsstøtteverktøy innen sykefravær. Flere løsninger foreligger langt på vei utviklet, men trenger å ferdiggjøres før testing og pilotstudier.

Vi ønsker oss med andre ord to studenter med kompetanse, interesse og evner henholdsvis innen markedsanalyse/markedsføring/forretningsutvikling – og programmering/systemering/ programvaretesting. Dersom forholdene utvikler seg positivt, kan det bli aktuelt med ansettelse senere.

Nærmere informasjon om oppgavene vil det være praktisk å gi muntlig, ta gjerne kontakt med Tom Blekstad, mobil: 9010 3440 eller med undertegnede.

ÅI 11.12.2006, Olav Harald Vårdal, daglig leder

Vedlegg 2: Tilbakemelding frå masterstudent på studentoppgåver frå Hallingdal

" Det var interessant å se at det er så mye relevant for meg av oppgaver i Hallingdal. Jeg skal skrive masteroppgave i arealplanlegging. Har fra før bachelor i samfunnsgeografi, så jeg kunne evt tenke meg å kombinere disse fagene i en masteroppgave. (...) Det var flere av de som stod på listen som var interessante, spesielt..."

Vedlegg 3: Utdrag frå ulike medieoppslag

Nye traineetrender¹⁶

Traineeprogram blir stadig mer populære blant studenter. Den store populariteten har ført til at flere bedrifter rekrutterer mer på denne måten. Tre sterke traineetrender de siste årene er økt inntak av internasjonale kandidater, bransje eller regionsbaserte ordninger og flere kandidater med utradisjonell utdanningsbakgrunn.

(...)

Vikinglauget, Trainee Sør og Intro-Innherred er eksempler på regionale programmer. Med attraktive traineestillinger ønsker næringslivet i distriktenes å lokke de topputdannede hjem. I hvert fall var dette fokus da Vikinglauget startet opp sitt traineeprogram for Mjøsregionen i 1999. I dag er det ikke like viktig at kandidatene har en tilhørighet til regionen så lenge de har et ønske om å tilføre distriktet kompetanse.

– Flere unge fra distriktet har kontaktet oss med ønske om at en slik ordning blir etablert. Mange av dem som flytter ut for å studere, blir gjerne fristet av jobbtilbud i storbyene. Denne ordningen vil være med på å vise at det er interessante jobbmuligheter i distriktet også, sier prosjektleder Eivind Elnan i Innherred Vekst. Han har tatt initiativ til å etablere en traineeordning blant bedriftene på Innherred i Nord-Trøndelag

Fløyet inn til flørt¹⁷

14 bedrifter har gått sammen om å fly studenter til Oslo. Der venter 10 minutters svermeri med hver elev.

Mens det tidligere var studentene som sto med lua i hånden, er det nå kamp blant arbeidsgiverne om de beste studentene. Bedrifter har utlovet sign-on-fee og bonus for å tipse om gode kandidater for å få tak i de beste.

Går nye veier for å skaffe studenter¹⁸

Stipend til studenter og vervepremie til de ansatte. Bedriftene tar nye midler i bruk for å rekruttere ettertraktede kandidater.

De gode tidene på **arbeidsmarkedet** gjør at studentene kan velge og vrake. Flere av dem tar seg derfor god tid når de skal sondere jobbterrenget. (...) For å sikre rekrutteringen lokker selskapet (Deloitte) masterstudentene i regnskap og revisjon (MRR) med stipend under utdanning og påfølgende fast stilling. Stipendet er på hele 215.000 kroner. I tillegg får studentene gratis PC, bruksrett til firmahyttene og andre firmaavtaler på lik linje med fast ansatte.

- Vi ønsker å være en attraktiv bedrift. I dagens situasjon er det krevende å få tak i flinke kandidater (...) sier partner og ansvarlig for rekruttering til revisjonsdelen Jørn Borchgrevink.

¹⁶ http://www.universumehope.com/files/hrnorge.no_New%20trainee%20trends_060119_Norwegian.pdf

¹⁷ <http://forbruker.no/jobbogstudier/studier/article1670742.ece?service=print>

¹⁸ http://www.karrieremagasinet.no/km/Spesialmapper_skjult Fra meny/Forsideartikler/?module=Articles;action=Article.publicShow;ID=772;_to=701;

Kurses i traineeprogram¹⁹

På Handelshøyskolen BI er etterspørselen etter traineeprogrammer så stor at Karriereservice holder egne kurs for at studentene skal lære å skille gode og dårlige traineeprogrammer.

Siden de ikke har en egen lærer i traineeprogram inviterte de like godt **Posten**, **Vikinglauget** og **Storebrand** for å kurse studentene.

Flere jobber enn jobbsøkere²⁰

Gode nyheter til alle studenter: Arbeidsmarkedet for høyt utdannede er brennhett og slik kommer det til å fortsette.

For første gang på lenge er det nå flere ledige stillinger enn det er arbeidssøkende i Norge. Trenden ser ikke ut til å stoppe, for samtidig som det blir flere jobber, flommer det inn arbeidskraft fra hele Europa.

¹⁹http://www.karrieremagasinet.no/km/Venstremeny/Traineeartikler/?module=Articles;action=Article.publicShow;ID=771;_to=701;

²⁰http://www.karrieremagasinet.no/km/Spesialmapper_skjult_fra_meny/Forsideartikler/?module=Articles;action=Article.publicShow;ID=480;_to=701;

Vedlegg 4: Skjema, om prosjektoppgåver. Til utfylling for oppdragsgjevar.

PROSJEKTOPPGÅVE FOR STUDENTAR

| OM OPPGÅVA | |
|---|--|
| Tema for prosjektoppgåva: | |
| Problemstilling/ spørsmål me ynskjer svar på: | |
| Mål med prosjektet: | |
| Aktuelle fagområde/studium: | |
| Tenk omfang på oppgåve: (bachelor, master) | |
| Aktuell for kor mange studentar: | |
| OM OPPDRAGSGJEVAR | |
| Namn på verksemnd/avdeling: | |
| Heimeside: | |
| Kor mange tilsette: | |
| Kontaktperson: | |
| Kontaktinformasjon: | |
| Kan informasjonen i dette skjemaet leggast ut på wwwdbc.no ? | |
| Annan informasjon: | |



DRØFTINGSNOTAT

TILFLYTTING TIL HALLINGDAL, REKRUTTERING AV ARBEIDSKRAFT

Bakgrunn

Folketalsutvikling, alderssamansetjing, kvinneunderskot, mangel på arbeidskraft, rekruttering/tilflytting, entreprenørskap, auka verdiskaping, nye arbeidsplassar. Dette er ord som me ofte nyttar når me omtalar utfordingar for distrikta.

Også Hallingdal har mange utfordingar knytt til fleire av desse problemstillingane. Både i nasjonal, regional og lokal samanheng blir det gjennomført eit uttal av prosessar, prosjekt og meir permanente tiltak, som skal vera med å førebygge eller betre situasjonen.

Som døme på nasjonale satsingar:

- Etablerarstipend
 - Inkubatorstipend
 - ”Kvinner i fokus”
 - ”Unge i fokus”
 - Forskningsbasert Nyskaping (FORNY)
 - Industriinkubatorprogrammet
 - Ungt Entreprenørskap
 - Gründersatsing på kvinner i næringshagane er ei ny og prioritert satsing i 2006.
- Og lista er mykje lengre.

I Hallingdal har me ei rekke tiltak som t.d:

- Rekrutteringsdatabase
- Yrkesmesse
- ValHall
- Etablerarsenter
- Ungt Entreprenørskap
- Gründerklekkeriet
- Industriløftet
- Inkubator Hallingdal
- Industri og rekruttering
- ”Lys i alle glas”
- Kvinnovasjon – kvinner og næringsutvikling (stimulere til kvinnelig entrepenørskap)
- Student som ressurs (auka kopling mellom næringsliv/kommunar og studentar/høgskuler)
- Karrieresenter?

Spørsmålet eg stiller meg er; gjer me det rette og er tiltaka godt nok samordna og marknadsført?

Eg trur tida er moden for ei drøfting, korleis skal satsing på tilflytting/rekruttering vera i framtida. Kva kan gjerast regionalt og kva bør gjerast lokalt.

Kartlegge utfordingane

Eg trur det er ei rimeleg god oversikt i Hallingdal i forhold til kva som er dei største utfordingane nokre få år fram i tid. Samstundes trur eg ikkje me har noko godt bilet av kvar Hallingdal står om 5 – 10 år. Har me ei rimeleg ”sunn” folketalsutvikling, har me klart å forutsjå den arbeidskrahta me treng, har me klart å rekruttere med tanke på auka verdiskaping/auke omfanget av lønsame etableringar.



Spørsmåla kan vera mange og eg trur enkelte krev meir merksemd enn andre.

Gjennomgang av dei ulike prosjekt

Som illustrert innleiingsvis er det ei rekke aktivitetar/tiltak i Hallingdal på regionalt nivå. I tillegg blir det gjennomført ei rekke tiltak på kommunalt nivå.

Eg trur at fleire av dei prosjekta me driv i dag er etablert litt tilfeldig, eit engasjement og ei offentleg finansiering og vips so er det eit prosjekt. Dette treng absolutt ikkje vera tiltak som er bortkasta eller er prioritert for høgt, men det kan stillast spørsmål ved om me set dei ulike tiltaka inn i den rette samanhengen.

Med bakgrunn i dei utfordringar Hallingdal har, ynskjer eg, som eit utgangspunkt, å ta ein kritisk gjennomgang av dei ulike tiltak Regionrådet er involvert i, for å vera sikrare på at me gjer rett prioriteringar.

Profilering/informasjon

Nye prosjekt er ikkje nødvendigvis det som bør vera fyrste steg for å lykkast betre. Etter mitt syn er det viktigaste no å synleggjera den satsinga Hallingdal faktisk gjer, på ein meir samlande måte.

Eg trur det kan vera ein ide å drøfte eit felles profilprogram for alt arbeid som blir gjort i forhold til t.d. tilflytting/rekruttering. Hallingdal er ein felles bu-og arbeidsmarknadsregion og det bør og koma tydelegare til uttrykk.

Om det er Regionrådet, Næringshagen eller den einskilde kommune som er hovudaktør bør det kunne vera eit felles fundament i forhold til:

- Bakgrunn
- Bodskap
- Profil

Tiltaket bør og ha som mål å synleggjera Hallingdal på ein fordelaktig måte overfor potensielle tilflyttarar og næringsetablerarar. Resultatet bør kunne styrke det indre samhaldet i regionen, gjennom å opptre i fellesskap i ei rekke samanhengar.

Konkrete tiltak kan t.d. vera:

1. Utarbeide eit felles profilprogram, kva er me, kva vil me, velkommen til kommunen, Hallingdal....
 2. Etablere ein felles nettstad som ligg "på topp" på flest mogeleg nettstader i Hallingdal
 3. Vertskap, operativ og strategisk
 - a. Operativt vertskap (servicekontor), treng informasjon, trening
 - b. Strategisk vertskap, seljarar av regionen og kommunane
 - politisk og administrativ leiing i kommunane
 - bedriftsforeiningar, arbeidsgjevarar
- Treng informasjon og trening
4. Marknadsarbeid, kampanjar
 5. Alliansar med arbeidsgjevarane

Ål 10.5.2007

Knut Arne Gurigard

Dagleg leiar

Vedlegg: Statistikk